



SAKSHANDSAMAR
Geir Tvedt

VÅR REF.
20/09424-8

VÅR DATO
01.06.2021

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Kapittel 1429 post 77 - Kraftturisme - Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet -Vedtak om tilskot 2021

Riksantikvaren viser til søknad frå Vestland og Rogaland fylkeskommunar oversendt ved e-post av 22. mars 2021 og revidert søknad oversendt ved e-post av 12. mai 2012.

Om søknaden

Prosjektet skal ta i bruk kulturmiljø knytt til produksjon av vasskraft til reiselivsutvikling og lokalsamfunnsutvikling. Eit forprosjekt i 2020 konkluderer med interesse og potensial for temaet. Det er arbeida fram produktpakker, aktivitetstilbod og betre tilrettelegging av relevante kraftminner på dei tre utprøvingsstadene Høyanger, Tyssedal/Odda og Lysefjorden. Fylkeskommunane ønsker vidareføring i eit treårig hovudprosjekt. Det inviterast til tett samarbeid med næring og næringsorganisasjonar, kommunar, lokalsamfunn, eigarar og andre aktuelle aktørar.

Vedtak

Riksantikvaren vedtek med dette eit tilskot over statsbudsjettet kapittel 1429 post 77 på inntil

kr. 800 000, -

til pilotprosjektet *Kraftturisme - Opplevingar i vestnorsk kraftlandskap*.

Tilskotet gis for 2021 til utvikling og gjennomføring av prosjektet slik det er beskrive i søknaden og på dei vilkår og forutsetningar som følger nedanfor. Kr. 200 000 av tilskotet skal brukast til å legge til rette for kunnskapsutvikling i prosjektet. Denne delen av tilskotet forutset nødvendig tilleggsfinansiering og eigeninnsats frå tilskotsmottakar.

Grunngjeving

Riksantikvaren vurderer at anlegg for produksjon av vasskraft utgjer synlege og viktige kulturmiljø i det vestnorske landskapet og har interessant potensiale for reiseliv, eigarar, lokalsamfunn og regionen. Prosjektet kan og bidra til ein heilskapleg formidling og forvaltning av kulturmiljø knytt til ein viktig del av historia på Vestlandet. Erfaringa frå forprosjektfasa er lovande.

Prosjektet vil kunne bidra til å setja søkelys på tema og problemstillingar tatt opp i den nye nasjonale reiselivsstrategien.

Første år i prosjektet skal vere eit oppstartsår. Vi forutsett at det vert lagt stor vekt på å detaljere målstruktur med sikte på å tydeleggjera gevinstane prosjektet skal bidra til. Dette vil bli eit godt utgangspunkt for nødvendig evaluering og analyser av prosjektarbeidet.

Vilkår

Riksantikvaren stiller følgjande vilkår:

1. Tilskotet gis under forutsetning av at prosjektet blir fullfinansiert.
2. Justert budsjett sendast Riksantikvaren innan 1. oktober, jf. øyremarking på kr. 200 000.
3. Ved behov for andre endringar av budsjett, tiltak eller aktivitetar skal det sendast melding til Riksantikvaren og fylkeskommune, jf. retningslinjer for tilskot frå Riksantikvaren.
4. Prosjektet sender rapport med rekneskap til Riksantikvaren innan 1. februar 2022.

Etter klagefristens utløp reknast vedtaket om tilskot med tilhøyrande vilkår som akseptert av tilskotmottakar.

Oppfølging

Riksantikvaren ønsker at prosjekta skal stå fram som eksemplar på korleis god forvaltning av kulturmiljø kan bidra til positiv samfunnsutvikling og at dette blir synleggjort for politikare, forvaltning, næringsaktørar og befolkning.

Vi mottek gjerne bilde, film og anna materiale som vi kan bruke til å formidle prosjektet på nettsider og presentasjonar. Vi ber om namn på fotograf, ev annan eiari av rettighetene, og eventuelle innskrenkingar i retten til bruk av bilda.

Riksantikvaren deltek gjerne i prosjektarbeidet som observatør.

Utbetaling av tilskot

Etter økonomiinstruks for staten skal tilskotsbeløp utbetalast når tiltak og aktivitetar er satt i gang og mottakaren har behov for å dekke dei aktuelle utgiftene. Om nødvendig kan tilskotet fordelast på fleire utbetalingar.

Tilskotsmottakar må sende skriftleg oppmoding om utbetaling til Riksantikvaren før utløpet av oktober månad. Oppmodinga må angi mottakar for tilskotsutbetinga, kontonummer for utbetaling, oppmodinga må vere underskrevet av prosjektansvarleg.

Klagerett

Eventuell klage på vedtaket sendes til Klima - og miljødepartementet innan tre veker (jf. Forvaltningslova §§ 28 og 29). Klage skal rettast til klageinstansen, men sendes til Riksantikvaren innan tre veker etter at dette brevet er mottatt.

Lykke til!

Beste helsing

Audun Skeidsvoll
Ass. riksantikvar

Geir Tvedt
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjend utan underskrift

| <i>Prosjektnamn</i> | | <i>Tilskotsmottakar</i> | | <i>Tilskotsnummer</i> |
|------------------------------|--------------------------|--------------------------------|------------------------|------------------------------|
| Kraftturisme (hovedprosjekt) | | Vestland fylkeskommune | | 210012--- |
| <i>Kapittel/post</i> | <i>RA-konto</i> | <i>Koststed</i> | <i>Prosjekt</i> | <i>Innsats</i> |
| 142977 | 8719 | 71 | 000 | 0000 |
| <i>Tilskot</i> | <i>Utbetaling</i> | <i>Bankkonto</i> | <i>Merknad</i> | |
| Kr. 800 000 | | | | |

Vedlegg: Retningslinjer for tilskot